

Eit hjarte som bankar

Framlegg til innhald i innbyggjarmøte



Mangfald i Vestnes

Presentere temaa **mangfald** og **inkludering**

Diskutere rundt borda kva mangfald handlar om, og kva inkludering betyr (maksimalt 10 min)

Presentere nokre resultat frå innbyggjarundersøkinga

Haldningar til eit fleirkulturelt samfunn

Innbyggjarane i Vestnes er i **hovudsak positive til eit fleirkulturelt samfunn**.

- **Positive haldningar:** Totalt sett er 83% av innbyggjarane positive til eit fleirkulturelt samfunn. Eit stort fleirtal føler seg komfortable med å samarbeide med personar med ulik religiøs bakgrunn (80%) og å ha naboar frå andre land (78%). Dei fleste ser på mangfald i skular og barnehagar som positivt (77%).
- **Delte meiningar:** Det er meir delte meiningar om innflyttarar skal få informasjon frå kommunen på eige morsmål (53% er samde).



- **Negative haldningar:** 13% av befolkninga er negative til eit fleirkulturelt samfunn. Særleg unge menn skil seg ut; 32% i den yngste aldersgruppa (18–29 år) svarer at dei er negative. Menn generelt har meir negative haldningar enn kvinner, uavhengig av alder.
- **Kontakt:** Dei som har regelmessig kontakt med personar med innvandrarbakgrunn, er meir opne for eit fleirkulturelt samfunn.

Oppfatning og førekomst av diskriminering

Innbyggjarane er delte i synet på om diskriminering er eit problem i Vestnes.

- **Oppfatning av diskrimineringsproblem:** Totalt 22% av innbyggjarane opplever at det er noko eller mykje diskriminering i kommunen.
 - Flest opplever at diskriminering førekjem på bakgrunn av mangelfulle norskkunnskapar (24%), etterfølgt av etnisitet (15%), funksjonsnedsettingar (14%) og alder (13%).
 - Yngre personar og kvinner er meir medvitne på diskriminering enn eldre, og denne kjønsskilnaden er uavhengig av alder.
 - Ein stor del av innbyggjarane er usikre og svarer «veit ikkje» på spørsmål om diskriminering av enkelte grupper, særleg når det gjeld seksuell orientering og kjønnsidentitet.
- **Opplevd dårleg behandling:** 82% av innbyggjarane har ikkje opplevd å bli dårlegare behandla av andre innbyggjarar på bakgrunn av minoritetstrekk.
 - Dei mest rapporterte grunnane for dårleg behandling av andre innbyggjarar er overvekt/fedme og politiske synspunkt (5% kvar).
- **Arenaer for diskriminering:** Skulen/utdanning og arbeidsplassen er dei arenaene flest har vore utsett for diskriminering (17% på begge).
- **Minoritetstrekk:** Personar som sjølv har eit minoritetstrekk, har oftare opplevd dårleg behandling frå andre innbyggjarar og i møte med kommunale tenester, samanlikna med befolkninga elles.



Varsling, inkluderings tiltak og prioritering i arbeidslivet

- **Varsling av diskriminering:** Eit fleirtal (78%) seier dei vil gripe inn dersom dei er vitne til diskriminering, anten ved å ta det opp med den som utset nokon for diskriminering eller med ein ansvarleg (70%). Likevel svarer over halvparten at dei er usikre på korleis dei ville handtert ein slik situasjon.
- **Støtte til inkluderingsarbeid:** Det er brei støtte til inkluderingsarbeid i kommunen; 83% meiner inkludering alltid bør prioriterast i frivillige tilbod.
- **Prioritering i tilsettingar:** Innbyggjarane er generelt skeptiske til prioritering av personar med minoritetstrekk i tilsettingsprosessen (66% er negative).
 - Flest er opne for prioritering av personar med funksjonsnedsettingar (29%).
 - Særleg unge menn er negative til prioritering (82% negative), medan kvinner og eldre er meir positive.

Generell oppfatning av kommunen

Over halvparten av innbyggjarane (59%) opplever at Vestnes er ei inkluderande kommune. Personar med eit minoritetstrekk er likevel i mindre grad samde i dette.

Dei føreslåtte tiltaka basert på funna inkluderer mellom anna at kommunen bør arbeide målretta med haldningsendringar, vektleggje haldningsskapande arbeid i skulen, auke medvitet rundt førekomsten av diskriminering, og auke innsatsen for aktiv inkludering i arbeidslivet.

Vise filmen «Eit hjarte som bankar»



Arbeid i grupper, verdskafé

Deltakarane sit rundt eit bord, det bør ikkje vere fleire enn ti personar pr. bord. Kvart bord får to spørsmål som dei skal diskutere. Dei skal først ha litt tid til å notere ned eigne tankar tankar. Etter eigenrefleksjonane skal dei diskutere gruppa rundt bordet kva dei har tenkt. Til slutt er det ei runde i plenum der nokre av borda presenterer sine refleksjonar.

Utstyr: Papirduk eller stort ark til kvart bord, pennar og tusjar til å skrive med. Gule lappar til eigenrefleksjon.

Refleksjonsspørsmål til verdskafé	Tema
1. a. Filmen handlar om små handlingar som set spor. Kva type gest (som eit smil, ei hand eller å seie «hei») utfører du bevisst i kvardagen for å byggje fellesskap? b. 49% av innbyggjarane i Vestnes er opne for å delta på arrangement som samlar folk frå ulike bakgrunnar. Kva trur du gjer at 51% anten er usikre eller ikkje vil delta, og korleis kan kommunen skape møteplassar som er meir inkluderande og attraktive for fleire?	Små handlingar/ fellesskap Sosiale møteplassar/ deltaking
2. a. Kvinna i filmen er eit symbol på eit menneske som både treng hjelp og bidreg. Når opplevde du sist å vere mottakar av varme eller kvardagsomsorg? b. Arbeidsplassen og skulen/utdanning er arenaene flest har vore utsette for diskriminering (17% på begge). Kva tiltak utover haldningsskapande arbeid bør innførast på desse arenaene for å auke inkluderinga?	Gjensidigheit/ kvardagsomsorg Arenaer/ diskriminering/ inkludering
3. a. Bodskapen er at alle har noko å gi. Kva bidrag har du, utanom jobb eller formelle roller, som er viktig for lokalsamfunnet ditt?	Bidrag/ verdi



b. Kva kan Vestnes kommune gjere for å motverke at eldre innbyggjarar opplever er å bli oversette i inkluderingstiltak (45% er samde i dette), og korleis kan eldre sjølve involverast meir aktivt?	Inkludering/ eldre
4. a. Filmen fokuserer på «auge som ser og øyre som lyttar». Kor flink føler du deg til å verkeleg sjå menneska du møter i butikken, på gata eller på jobb? b. Mange er usikre på om diskriminering førekjem på bakgrunn av seksuell orientering og kjønnsverskridande identitet. Kva seier dette om medvitet i Vestnes, og kva tyder det for kompetansebehovet i kommunale tenester?	Observasjon/ å sjå kvarandre Kunnskap/ medvit
5. a. Kva skal til for at du tør å «berre gjere det» når du ser ei moglegheit til å vise varme eller omsorg for ein framand? b. Undersøkinga syner at over halvparten av innbyggjarane er usikre på korleis dei ville gripe inn i minst éin diskrimineringssituasjon. Kva trengst for å gjere folk tryggare – meir kunnskap, eller ein tydelegare lågterskel varslingskanal i kommunen?	Handling/ barrierar Varsling/ handling
6. a. Kva er dei største ringverknadane du trur den minste positive handlinga kan skape i Vestnes? b. Kva opplever du er hovudgrunnen til at innbyggjarane er skeptiske (66% negative) til at kommunen prioriterer kandidatar med minoritetstrekk i tilsettingsprosessar, sjølv om dei er likt kvalifiserte?	Ringverknader/ effekt Prioritering/ arbeidsliv
7. a. I kva situasjonar (til dømes på arbeid, i idrettslag, i butikken) ser du at du har størst sjanse til å møte andre med varme? b. Flest innbyggjarar opplever at diskriminering førekjem på grunn av mangelfulle norskkunnskapar (24%). Kva ansvar har lokalsamfunnet for å sikre at språkbarrieren ikkje fører til diskriminering eller utestenging, og kva tenkjer de er det viktigaste tiltaket her?	Fellesskaps- arenaer Diskriminering/ språk



8. a. Filmen syner at fellesskap blir bygd gjennom å sjå kvarandre. Kva tiltak eller handlingar meiner du er viktigast for å sikre at ikkje berre dei kjende, men også nye innbyggjarar eller tilflyttarar, føler seg inkluderte? b. Dei som har jamleg kontakt med innvandrarbakgrunn, er meir opne for eit fleirkulturelt samfunn. Kva for sosiale møteplassar i kommunen bør styrkjast eller etablerast for å auke den naturlege, uformelle kontakten mellom ulike innbyggjargrupper?	Inkludering Kontakt/ fellesskap
9. a. Korleis ser du at «eit hjarte som bryr seg» kjem til uttrykk i dei ulike miljøa i lokalsamfunnet (t.d. butikk, industri, frivillige)? b. Nokon innbyggjarar uttrykkjer kritikk mot at integreringstiltak får økonomiske prioritetar framfor fattige fastbuande. Korleis kan kommunen betre kommunisere at inkluderingstiltaka skal gagne alle innbyggjarar, uavhengig av bakgrunn?	Omsorg/ utføring Ressursbruk/ tillit
10. a. Om du skulle definere kva Vestnes er for deg, korleis kjem element som fellesskap og kvardagsomsorg inn i den definisjonen? b. Sjølv om Vestnes blir oppfatta som inkluderande av 59% av innbyggjarane, er personar med minoritetstrekk i mindre grad samde. Kva konkrete utfordringar trur du minoritetsgruppene møter i kommunale tenester eller i møte med andre innbyggjarar som fører til denne skilnaden i oppfatning?	Lokalsamfunns-identitet Inkludering/ minoritets- perspektiv

Forslag til anna innhald på møtet

- Alternativ til verdskaféen kan vere å gjennomføre eit dialogspel (sjå under), der dei arbeider med gitte påstandar.
- Elevar presenterer frå sitt arbeid med prosjektet, gjerne både frå mellomsteget og ungdomssteget. Dei bør du vise filmene først, deretter sitt arbeid.
- Diskutere innhald i mangfaldsveke for kommunen, få innspel frå innbyggjarane.

Dialogspel

Dialogspel som metode for å fremje refleksjon om aktuelle tema. Varer ca. 45 minutt.

Førebuing

- Lag eit sett med fem til ti kort med påstandar til kvar gruppe.
- Lag eit enkelt spelbrett (skrive ut på eit A3 eller A4 ark) med dei tre felta:



Skildring av metoden

Gruppene sit rundt kvart sitt bord. Legg bunken med påstandar i konvoluttar eller på borda med baksida opp. Deltakarane byter på å trekkje kort frå bunken. Det er berre den som har kortet som har lov til å snakke. Dei andre må vente på tur og har ikkje lov til å skyte inn eller avbryte.

Framgangsmåte, steg for steg

Første deltakar, til dømes den som har bursdag først, trekkjer eit kort frå bunken og les påstanden høgt. Den som har trekt kortet fortel deretter gruppa om han eller ho er einig, ueinig eller delvis einig, og grunngjev kvifor. Kortet blir lagt ned på *Einig*, *Delvis einig* eller *Ueinig* på spelbrettet.

1. Neste gruppemedlem tek opp det same kortet, les påstanden høgt, seier om han eller ho er einig, delvis einig eller ueinig, og grunngjev standpunktet. Påstanden blir lagt ned på spelbrettet igjen.
2. Kortet går runden rundt bordet, og deltakarane flyttar kortet etter kvart som dei presenterer argumenta sine. Slik held ein fram til alle har fått høve til å presentere synspunkta sine minst to gonger. Det er lov å melde pass dersom ein ikkje har meir å tilføye etter første runde, og la kortet gå vidare til neste deltakar.
3. Når alle har sagt det dei ønskjer om påstanden, trekkjer neste deltakar eit nytt kort frå bunken.
4. Den som har trekt kortet kan eventuelt få ansvar for å oppsummere synspunkta i gruppa.